


Vurdering av krav om KU – Detaljreguleringsplan Sørbøvåg hyttefelt



§ 8 - Planer og tiltak som skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn.

§8.a - Reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidlige planen.

Det vert vurdert at tiltaket er i tråd med vedlegg 2, pkt 13 - «Utvidelser eller endringer av tiltak nevnt i vedlegg I og vedlegg II som kan få vesentlige virkninger.»

§10 - Kriterier for vurderingen av om en plan eller et tiltak kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn

I vurderinga av om ein plan eller et tiltak kan få vesentlege virkninger for miljø eller samfunn, skal det ses hen til egenskaper ved planen eller tiltaket, jf. annet ledd og planen eller tiltakets lokalisering og påvirkning på omgivelsene, jf. tredje ledd. Det skal også i nødvendig grad ses hen til egenskaper ved virkninger nevnt i fjerde ledd

- a. størrelse, planområde og utforming

- b. bruken av naturressurser, særlig arealer, jord, mineralressurser, vann og biologiske ressurser
- c. avfallsproduksjon og utslipp
- d. risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofer.

Kommentar til punkt a-d

- a. *Planynskje regulerer eit areal på om lag 40,9 daa. Verken storleik, plassering eller utforming medførar vesentlege merknadar for miljø eller samfunn.*
- b. *Planinitiativet har større område på 5,6 fulldyrka jord innanfor planavgrensinga. Tilpassing her vil bli eit viktig tema med utbygging av nytt hytteområde.*
- c. *Planinitiativet medfører ikkje avfallsproduksjon og utslepp i ein slik grad at det vil få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn.*
- d. *Planinitiativet i seg sjølv opnar ikkje opp for aktivitet som vil medføre fare/risiko for ulykker og/eller katastrofar, så lenge utbygging held seg utanfor faresone.*

- a. **Tredje ledd i §10 omhandlar om lokalisering og påverknad om omgjevnadane kan komme i konflikt med:**
 - a. Verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven
 - b. Truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv
 - c. Statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.
 - d. Større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsformål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet
 - e. Økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet
 - f. konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning
 - g. Vesentlig forurensning eller klimagassutslipp
 - h. Risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom

Kommentar til punkt a-h

- a. *Reguleringsplanen kjem ikkje i konflikt med verneområder etter naturmangfaldlova kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtypar (naturmangfaldlova kapittel VI), prioriterte artar, verna vassdrag, nasjonale laksefjordar og laksevassdrag, objekt, områder og kulturmiljø freda etter kulturminnelova.*
Hyllestad kommune har vurdert dette ut frå tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag på www.fylkesatlas.no
- b. *Planområdet kjem ikkje i konflikt med trua artar eller naturtypar, verdifulle landskap, verdifulle kulturminne og kulturmiljø, nasjonal eller regionalt viktige mineralressursar, områder med stor verdi for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særleg viktige for friluftsliv.*
Hyllestad kommune har vurdert dette ut frå tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag på www.fylkesatlas.no
- c. *Planinitiativet legg opp til større utbygging av fritidsbustad i uberørt område i 100-metersbeltet, og vil kome i konflikt med Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsone langs sjøen(SPR), sone 3. SPR for opnar opp for fortetting av sentrumsføremål, bustadføremål, næring og andre tiltak nær sjø som brygger naust og sjøretta reiselivsanlegg. Planinitiativ er ikkje vurdert til å falle innanfor desse kategoriene.*
- d. *Utbygging av 10 fritidsbustader innanfor den austlege delen av planområdet vil kome i konflikt med eit større fulldyrka område på 5.6 dekar. Med dei nasjonale innstrammingane med fokus på å verne matjord, så vil dette føre til vesentleg nedbygging av området.*
- e. *Planinitiativ omfattar ikkje auka belasting i området der fastsette miljøkvalitetsstandarar er overskride.*
- f. *Planinitiativ omfattar ikkje konsekvensar for befolkning si helse, for eksempel som følge av vatn- eller luftforureining.*
- g. *Planinitiativ omfattar ikkje vesentleg forureining eller klimagassutslepp.*
- h. *NVE har kartlagt og registrert faresone for tsunami i delar av planområdet ned mot sjøgrensa. Planinitiativ legg ikkje til rette for tiltak som kan gje auka fare for alvorlege flaum- og/eller skredsituasjonar.*

Fjerde ledd i § 10 omhandlar korleis ein skal sjå på verknadens intensitet, kompleksitet, truleik, varigheit, hyppigkeit, reversibilitet, utstrekning og samla verknadar over andre eksisterande godkjente eller planlagde planar/tiltak.

Tiltaket er vurdert til å vere av ein intensitet eller kompleksitet som er tilstrekkeleg ivareteken gjennom ein vanleg planprosess.

Planen ikkje vil opplevast som eit framand element i landskapet og vert ei vidareutvikling av eksisterande plan for etablering av fritidsbustadar.

I samband med tredje ledd har det likevel blitt kartlagt at det er nokon tema som vil kunne kome i særskilt verknad for miljø eller samfunn som vil vere naudsynt å utgreie i eigne rapportar, då innanfor stradsone og jordvern.

Konklusjon:

Sjølv om planinitiativet er ei endring av gjeldande plan, så er det ikke gjennomført nokre gjennomgående konsekvensutgreiing for området i gjeldande plan eller i overordna plan tidlegare. Utbygging vil føre til større utbygging i strandsone og større omdisponering av areal avsett til fulldyrka mark.

Med klar konflikt for jord- og strandsonevernet, vert det konkludert at planinitiativet vil få vesentlege verknader for miljø eller samfunn innanfor KU-forskrifta § 10.

For å sikre naudsynt omsyn til miljø og samfunn, vert det satt krav om KU for tema jordvern og strandsonevern i planarbeidet.